

## Referat IMR-årsmøte 29 januar.

- Godkjent ordstyrar og referent.  
Presentasjon av styret.
- Vi har hatt 4 styremøter. Vi har hatt fokus på det som har vært tatt opp tidlegare. Årsrapport er godkjent. Ingen innvendingar til denne.
- Nytt namn på IMR. Kan vi heite noko anna enn IMR-Norge. Vi har diskutert alternativ i styret. Forslag er IMR-Nettverket eller IMR-Norge. Styret meinte at begge alternativ var gode. Styret ville at årsmøtet skal bestemme kva nettverket skal heite.  
Årsmøtet bestemmer at det skal heite: IMR-Nettverket. Under: Nasjonalt nettverk for Illness Management and Recovery.
- Handlingsplan for neste år har styret laga. Har årsmøtet noko innspel til styret.
  - Ynskjer om at det var innspel/innlegg frå kommune på fagdagen. Styreleder gjev støtte til dette.
  - UNN: Det er langt til sør. Det er flott å komme hit å få impulsar ein gong i året. Korleis skal ein arbeide for at det vert tettare band i nettverket.
    - Ledar styret svarar: Nasjonalt nettverk akuttpsykiatri. Ei mindre gruppe som møtast regelmessig, i tillegg til å møtast ein gong i året. Det er mogeleg å kunne gjere dette også i IMR-nettverket.
    - Svar frå UNN: Kunne tenkt på neste konferanse: Delt inn i gruppe der ein kunne dele meir erfaringar med å drive IMR. Det er mange som arbeider med IMR. Har høyrte om det her. Travel kvardag og dårleg økonomi; lite tid til å ta kontakt med andre. Mange utfordringar med dette. Veit ikkje om fleire som driv med IMR i Nord. Reiseveg er lang og dyr.
    - Nettside: Vil ha ein oversikt på kven som er terapeutar og veiledarar. Der vil ein enkelt finne kven som har kompetanse på kva, og korleis ein kan ta kontakt. Vert ei side som kan brukast aktivt. Skal legge ut nyheter etc.
    - Når vi laga programmet til konferansen; tenkte på grupper. Vi fekk då tilbod om Susan og Kim, måtte då prioritere. Valget blei då på Kim og Susan.
  - Prøve å ha nettverksamlingar/fagdagar/andre stadar i landet
  - IMR-Appen: Med appen tenker ein at ein skal kunne forenkle avstand både i forhold til opplæring og veiledning. Det vil bli opplæring i bruk av appen. Det blir laga ein plan på dette når appen er klar.

**Tilbakemelding på at det har vore ein bra dag.**